

Vedlegg 1. Felles retningslinjer for tiltaksstrategien SMIL-midlar i Hallingdal

Alle tiltak som får tilskot må vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og reglar. Søknadene må dessutan vurderast ut frå kva som er føremålet med ordninga. Tiltak som får tilskot må gå ut over det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift.

Satsar i vedlegg 2.

Generelle krav til søknader

- Føremålet med prosjektet/tiltaket
- Planar for prosjektet/tiltaket inkludert framdriftsplan, arbeidsskildringar, teikningar m.m. (i samband med bygningar må det leggjast fram kostnadsoverslag og teikningar frå bygningskyndig)
- Spesifisert kostnadsoverslag
- Oversiktskart som syner kvar landbrukseigedom ligg
- Detaljert kart (økonomisk kartverk) som syner areal, viktige element i landskapet og plassering av tiltaket det blir søkt om tilskot til
- Fotodokumentasjon
- Planstatus for området
- Eventuell fredingsstatus eller framlegg om freding etter kulturminnelova
- Finansieringsplan inkludert eigeninnsats
- Avtale om gjennomføring av fellestiltak
- Søknaden må innehalde gjødslingsplan, sprøytejournal og kart over jordbruksareal og elles det som miljøplan trinn to frå tidlegare kravde.

Søknad om tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt skal underteiknast av den som skal ta imot tilskotet på vegne av deltakarane. Søknad om tilskot til miljøtiltak på landbrukseigendom skal underteiknast av eigaren eller andre som har heimel til å gjennomføre tiltaket (med skriftleg samtykkje frå grunneigar). Dersom søknaden gjeld fellestiltak skal berre ein av deltakarane stå som søkjar og underteikne søknaden på vegne av alle deltakarane. Me syner ellers til *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*.

Satsar for utarbeiding av kostnadsoverslag ligg som eige vedlegg.

Generelt for alle tiltak er det slik at søkjarar som leverer næringsoppgåve skal gje kostnadsoverslag eks. MVA. For bygningar er hovudregelen at kostnadsoverslag for bygningar som *ikkje* kan skrivast av i drifta skal gjevast opp med MVA.

Retningslinjer for SMIL

(mål og prioriteringar i felles tiltaksstrategi kap. 5)

§4 Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (områdetiltak)

Det kan løyvast tilskot til prosjekt som leier fram til planar for gjennomføring av konkrete tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet og tiltak mot forureining – t.d. forprosjekt på fellestiltak. Tilskot blir innvilga på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag for planlegging, organisering og prosjektarbeid.

§5 Kulturlandskapstiltak

Biologisk mangfald

Tiltak for å ivareta og fremme mangfald i kulturlandskap. Krevjast dokumentasjon at det er verneverdige artar.

Aktuelle tiltak:

- Rydding, skjøtsel ved beiting og slått, vedlikehald, restaurering og avgrensa investeringar som vil utgjera ein meirkostnad eller meirarbeid i høve til det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift, utarbeide skjøtelsplan for biologisk viktige artar.

Vilkår:

- Det skal finnast dokumentasjon på det biologiske mangfaldet på det aktuelle arealet. Der det ikkje finst dokumentasjon, må søkjar syte for registrering eller skaffe ei fagleg uttale.
- Areala skal haldast i hevd, og driftsformer førast vidare for å ta vare på det biologiske mangfaldet, i minimum ti år etter at tiltaket er ferdiggodkjent
- Det skal ikkje tilførast kunstgjødsel
- Slåtten må tas etter blomstring

Gamal kulturmark

Tiltak skal fremme biologisk mangfald gjennom å ivareta planter og dyr i kulturlandskapet og kulturbetinga plante- og dyreliv på gamal kulturmark. Tilskot bør fyrst og fremst gjevast til husdyrhaldarar, eller til nokon som har skriftleg avtale på 10 år med ein husdyrhaldar. Søkjarar med bruk for meir beitemark skal prioriterast. Arealet kan gjødselast med mineralgjødsel, så sant det ikkje vert kartlagt biologiske verdiar som krev at det ikkje er gjødsla.

Aktuelle tiltak:

- Rydding, skjøtsel, vedlikehald, restaurering og avgrensa investeringar som vil medføre meirkostnad eller meirarbeid i høve til det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift
- Istandsetjing av gamal kulturmark og tilrettelegging for vedvarande skjøtsel ved rydding og gjerding i inn- og utmark

- Årleg eller periodisk skjøtsel ved beiting, brenning, slått eller anna form for hausting av gamal, særprega kulturmark i inn- eller utmark
- Etablering av beite på areal som ikkje kan klassifiserast som gamal kulturmark (f.eks skog/utmark) er ikkje eit SMIL-tiltak.

Vilkår:

- Minst 50 % av arealet skal vera dekt av grasartar eller beitetålande urter
- Det skal haldast oppe eit tilstrekkeleg beitepress i minst ti år etter at ryddinga er ferdig. I tilfelle der det ikkje er beitedyr må området skjøttast på anna vis tilsvarande lenge.
- Det kan ikkje gjevast tilskot til rydding av same arealet før det har gått 20 år

Tilgjenge og opplevingskvalitet

For tilskot til gamle, verneverdige og freda stigar, ferdselssårer, og vegfar, viser me til kulturminnelova. I slike tilfelle må søkjaren samarbeide med kulturminneforvaltninga.

Aktuelle tiltak:

- Etablering, utbetring, rydding og vedlikehald av stigar og turvegar i jordbruksområde. Ferdselsåra kan gå gjennom skog eller utmark for å oppnå gode heilskapsløysingar.
- Omlegging av stig eller turveg ved gardstun
- Etablering av stig eller turveg for å sikre tilgjenge til kulturminne eller kulturmiljø der det er ynskjeleg (t.d. gamle bufarvegar, gutuer, grendavegar)
- Gjerde, gjerdeklyv og grindar
- Liten parkeringsplass
- Merking av ferdselsåre og enkel informasjon
- Allmenn tilgjenge – skal bli teikna inn i turkart

Vilkår:

- Det skal liggje føre ei avtale mellom grunneigar(ar) og kommunen/tiltakshavar om bruk og vedlikehald av stigen/turvegen som skal gjelde i minst ti år etter at tilskotet er betalt ut
- Ferdselsåra bør høyre til eit samanhengande stig- og turvegnett der alle har tilgang
- Dersom tiltaket er ein parkeringsplass skal denne godkjennast av kommunen etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*. Det bør setjast opp ei avtale mellom grunneigar(ar) og kommunen/tiltakshavar der grunneigar stiller grunn til disposisjon i minst ti år, og der ansvar for snørydding, vedlikehald og anna er avtala.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova skal handsamast særskilt jfr. kulturminnelova.

Aktuelle tiltak:

- Slått, beiting og annan skjøtsel av vegetasjon i kulturmiljø eller på og omkring kulturminne, samt tiltak som vedlikehald, istandsetjing, bevaring og planlagt bruk av kulturminne og kulturmiljø som er ein del av landbruket sitt kulturlandskap. Føremålet er å framheve kulturminna/-miljøa eller å hindre at dei forfell.
- Merking og infoskilt eller liknande

- Istandsetjing, vedlikehald og sikring mot forfall av kulturminne og kulturmiljø som har kome til eller er utvikla ved eller i tilknytning til landbruksdrift, herunder gardsmiljø (tun, hage, allé), anlegg og mindre bygningar

Under er det rekna opp ein del typar kulturminne som kan vera aktuelle å setja i stand eller halde ved like. Det kan òg vera aktuelt å skjømte vegetasjonen omkring dei slik at dei ”kjem meir til sin rett”.

- Buplassar, hustufter, gammetufter, teltbuplassar/eldstader, gravhaugar og steinsetjingar
- Jakt-, fiske- og fangstinnretningar
- Vegfar, vegmerke, gutu, kløvstig og veiter
- Steinopplegg, rudningsrøysar, bakkemurar, steingjerde og lokale gjerdetypar
- Kulturmiljø og landskapselement knytt til gardsmiljø av kulturhistorisk tyding som gardshagar, alléar, frukthagar og annan vegetasjon
- Kulturminne og kulturmiljø som utløe, bu, sommarfjøs, smie, kvernhus, stabbur, mindre bygningar i heilskaplege gardstun/husmannsplassar/stølar, naust, mindre bruer, kanal- og damanlegg
- Kol- og tjøremiler, jernvinneanlegg, koier og fløytedammar
(Lista er ikkje uttømmande)

Vilkår:

- Søkjaren skal innhente råd og uttale frå Buskerud fylkeskommune ved Utviklingsavdelinga. Ved istandsetting og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø skal arbeidet skje etter dei prinsippa fylkeskommunen legg til grunn.
- Søkjaren skal ta vare på mest mogleg av dei opphavlege elementa i kulturminnet og eigenarten og heilskapen i kulturmiljøet. Det inneber at ein skal
 - restaurere i staden for å skifte ut
 - gjera naudsynte utskiftingar på ein slik måte at utsjånaden endrar seg minst mogeleg
 - bruke tradisjonelle materiale og handverksteknikkar, og dei fargene som opphavleg har vore brukte på kulturminnet
- Kulturminnet må haldast i stand i minst ti år etter at tiltaket er ferdiggodkjent

Verneverdige bygningar

Det kan berre gjevast tilskot til utvendig arbeid. Isolasjon er ikkje tilskotsberettiga. Det kan gjevast tilskot til golv i lør og liknande. I eldhus der pipe er ein vesentleg del av huset kan dette vere tilskotsberettinga. Pipe over tak er tilskotsberettiga.

Aktuelle tiltak:

- Vedlikehald og utbetring av tak, pipe over tak, utvendig kledning/tømmer, vindauge, dører og grunnmur på verneverdige bygningar i landbruket som kan nyttast på ein føremålstenleg måte i landbruksdrifta eller i annan næring på landbrukseigedomen.

Vilkår:

- Søkjaren skal innhente råd og uttale frå Buskerud fylkeskommune ved Utviklingsavdelinga.

- Ved istandsetting av verneverdige bygningar skal arbeidet skje etter dei prinsippa fylkeskommunen legg til grunn. Ein skal ta vare på mest mogleg av dei opphavlege elementa og heilskapen i bygningen. Det inneber at ein skal
 - restaurering i staden for å skifte ut
 - gjera naudsynte utskiftingar på ein slik måte at utsjånaden endrar seg minst mogeleg
 - bruke tradisjonelle materiale og handverksteknikkar, og dei fargene som opphavleg har vore brukte på kulturminnet
- Normalt skal ikkje meir enn halvparten av opphavleg bygningsmateriale skiftast ut

5.2.2.6. Andre tiltak

Viser her til føremålet med forskrifta.

Aktuelle tiltak:

- Kulturminneregistrering og kartfesting av større område for informasjon i framtida

Forureiningstiltak

Høytørkeanlegg

Høytørkeanlegg er tilskotsberettiga i tilfelle der dei kan redusere faren for forureining.

Vilkår:

- Det skal lagast planar med detaljteikningar og kostnadsoverslag som tilfredsstillar faglege krav

Hydrotekniske anlegg

Kostnader ut over faglege krav er ikkje tilskotsberettiga.

Vilkår:

- Det skal lagast ei kartfesta plan og eit kostnadsoverslag som tilfredsstillar faglege krav

Grøfting

Eigen forskrift

Klimaplanting/leplanting/landskapsplanting

Klimaplantingar bør lokaliserast på tvers av dominerande vindretningar og kaldluftstraumar. Plantinga skal betre klimaet, skjerme mot vind, sandflukt, støv, støy eller redusere uynskt oppslag av snøfener. Det skal ikkje gjevast tilskot til planting i gardstunet. Tiltak som rører ved kulturminnelova skal godkjennast av kulturvernstyresmaktene i fylket.

Aktuelle tiltak:

- Planting, kultivering og etablering av vegetasjon i fleire sjikt som vil betre klima og dyrkingsvilkår for ny og tradisjonell jord- og hagebruksproduksjon

Juni 2014

- Planting, kultivering og etablering av vegetasjon for å auke innslag av varig vegetasjon, betre det biologiske mangfaldet og skapa varierte landskapsbilete

Vilkår:

- Plantinga må ha ein funksjon for jordbruksdrifta
- Plantematerialet må vera naturlike og hardføre planter med lokal herkomst og god rotforankring, og dei må ha god evne til naturleg forynging
- Plantinga skal gjerast utanfor
 - gamal kulturmark
 - beitemark, slåtteng, hagemark, lynghei og haustingsskog
 - verdfullt kulturlandskap
- Plantetiltak skal ikkje
 - skade eller øydelegge kulturminne
 - gøyme eller hindre tilkomst til kulturminne

Vegetasjonssoner

Vegetasjonssoner kan vera låge grasvekstar eller tre og buskar avhengig av dei naturgjevne tilhøva på staden. Breidda på sona bør vera minst to meter. Det kan gjevast tilskot til soner opp til og med seks meter. Breidda på sona bør vurderast i kvart enkelt tilfelle ut frå storleiken på arealet attmed, helling, jordart og kor ofte det blir pløgd. Ein skal med andre ord vurdere kor stor erosjons- og forureiningsfaren er. Me syner elles til *Forureiningslova* og *Forskrift om nydyrking*.

Vilkår:

- Tiltaka skal kartfestast
- Breidda på vegetasjonssona kan ikkje reduserast før det har gått ti år, eller etter at bruken av areal attmed er endra slik at breidda på vegetasjonssona kan reduserast

Fangdammar og våtmarker

Fangdammar og våtmarker bør kombinerast med vegetasjonssoner. For planlegging og utforming syner me til perm om *Økologiske renseltak og miljøplantingar*.

Aktuelle tiltak:

- Tillaging av fangdammar ved å utvide bekkeløp og demme opp for utløp. Føremålet er å redusere eller hindre forureininga frå jordbruket ved å fremje sedimentering av botnslam og næringsstoff.
- Tillaging av fangdam, våtmark og vegetasjonssone i ein kombinasjon som gjev oppleving for dei som ferdast der

Vilkår:

- Søkjaren skal laga ei oversiktsplan på kart som syner plassering i høve til forureiningskjelde, terrengutforming og grøfteutløp. Nedbørsområde må merkast av.
- Dammen skal sikrast mot ulykker
- Området skal liggje inntil areal som blir brukt til jordbruksføremål

Juni 2014

Andre tiltak for å redusere forureining

Aktuelle tiltak:

Steinsetjing og plastring av sider i bekkar og elver for å hindre utgraving og erosjon. Dette som eit alternativ til å leta att bekkar og elver som er steinsette frå gamalt av.

Informasjonsmidlar

Inntil kr. 12.000,- av samla SMIL-midlar for jordbruket i Hallingdal kan nyttast av kommunane og faglaga til ymse informasjonstiltak i samband med ordninga. Informasjonstiltaka må vera retta mot næringa.

